

## Samarbeidande kraftfylke

Fylkeskommunane:	Aust-Agder
Troms	Sogn og Fjordane
Nordland	Hordaland
Nord-Trøndelag	Rogaland
Sør-Trøndelag	Vest-Agder
	Telemark
	Buskerud
	Oppland
	Hedmark

Leder: Magnar Lussand,  
Postadr.: Folkedal, 5736 Granvin.  
Tlf. 56525828, Mobil: 93431800.  
E-post: m-luss@online.no  
Sekretariat: Kraftfylkesekretariatet,  
Postadr.: c/o SFE, Bukta, 6823 Sandane.  
Tlf. 57884719. Fax 57884701.  
E-post: john.stoyva@sfe.no

Sandane 21.02.2011

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep.  
0033 Oslo

### **Endring i energilova, beredskap. Høyringsuttale.**

Det vert vist til brev og høyringsnotat frå Olje- og energidepartementet dgs. 10.01.2011.

#### **1. Kraftfylka er positive til det utvida beredskapsomgrepet**

Samarbeidande kraftfylke er positive til at beredskapsomgrepet blir utvida til å omfatte trusselsituasjonar som kan oppstå i fredstid, og vil rose departementet for at dei ordnar opp i dette.

#### **2. Kraftnettet er kritisk infrastruktur og bør vere offentleg eigd**

Det vert vist til NOU 2006:6 Når sikkerhet er viktigst. Utvalet skriv der i kap. 9.4 Eierskap til kritisk infrastruktur:

*"Ut frå en vurdering av kriteriene for utpeking av kritisk infrastruktur, mener utvalget at landsdekkende kommunikasjonsnett, energinett og vann- og avløpsnett peker seg ut som svært kritisk infrastruktur."*

Utvalet utdjupar dette i kapittel i kapittel 10.3 med å skrive:

*"Innen kraftsektoren har sentralnettet karakter av kritisk infrastruktur i egenskap av å utgjøre det landsdekkende transportnettet som binder alle kraftprodusentene og sluttbrukerne sammen. Svikt i nettet vil raskt kunne forplante seg og utvikles til å ramme store deler av samfunnet. Det er med andre ord riktig å betegne det samlede nettet som et tett koplet system."*

*Forstyrrelser i sentralnettet kan skape problemer i hele landet, men forstyrrelser i regionalnettet og distribusjonsnettet kan skape like store problemer for dem som blir rammet, for eksempel en by (regionalnett) eller en bygd (distribusjonsnett). Sammenbrudd i regionalnettet vil kunne sammenliknes med tap av /sammenbrudd i vannforsyningen til en by. Også distribusjonsnettet i de større byene kan utgjøre en meget kritisk del av strømforsyningen."*

I NOU 2006:6 føreslår utvalet å lovfeste offentleg eigarskap til vatn og avlaupsnettet, men ikkje for kraftnettet. Kraftfylka ser på kraftnettet som minst like kritisk infrastruktur, og tilrår at det blir sett krav til offentleg eigarskap også til kraftnettet. Kandidatar til eigarskap er kommunar, fylkeskommunar og staten. Departementet må greie ut korleis dette skal ivaretakast, og gjere tiltak for å innarbeide det i lovgjevinga.

### **3. Betydninga av å sikre kraftleveransar når nettselskapa er i ein vanskeleg økonomisk situasjon**

Kraftfylka meiner at det er svært viktig å sikre seg mot at økonomiske vanskar i nettselskapa kan føre til avbrot i krafttilgangen til sluttbrukarane. Dette gjeld særleg no når ein står fram for omfattande investeringar i nettsektoren. Framlegget i høyringsnotatet om å drive nettanlegga for kreditorane si rekning, vil medverke til å sikre energileveransane i slike situasjoner. Ei slik ordning må ventast å medføre auka kapitalkostnader for nettselskapa, kostnader som sluttbrukarane til slutt må dekke gjennom nettleiga.


Etter Kraftfylka sitt syn bør det vurderast om energileveransane til sluttbrukarane kan sikrast ytterlegare gjennom ordningar, som også utover ein tidsavgrensa periode sikrar drift av nettskap, som er i økonomiske vanskar. Slike ordningar vil kunne forankrast i det offentlege si interesse for å oppretthalde kraftleveransane, og bør difor vurderast i samanheng med fordelane ved offentleg eigarskap til nettverksemid som kritisk infrastruktur.

### **4. Datasikkerhet viktig**

Utviklinga med digitalisering og bruk av data går svært fort, og samfunnet blir tilsvarande meir sårbart for feil i desse systema. Også i høve til utvikling av datasikkerhet bør det vere fordelar med offentleg eigarskap til kraftnettet.

Med vennleg helsing

Samarbeidande kraftfylke

  
Magnar Lussand

Styreleiar